



HOLMGANG

BONDEUNGDOMSLAGET I STAVANGER

Nr. 1

16. mars 2013

Årgang 40



Våren er i kjømda

HOLMGANG 2013

Redaktør: Jan Finjord

Redaksjonsmedlem:

Audun Rosland

Holmgang kjem ut med 4 nummer i året, i fall det er stoff nok.

Bladpengar for direkte tinging av papirkopi av bladet: Kr. 50.- pr. år. Lysingsprisar:

1/4 side: Kr. 275.-

1/2 side: Kr. 450.-

1/1 side: Kr. 800.-

Stoff-frist til nr. 2 / 2013: Seint i april!

I dette nummeret:

Framsidedeilete tatt 10. mars	v/ amo
Vårfest i Siddis-stova	2
Leiarteigen	3
Salsakurs i BUL!	4
Litt frå årsmøtereferatet for 2012	5
Nynorskstafetten til BUL	6
Kultur på Klepp	6
Den nye matstova	7
Vi har elles høyrte at ...	7
Annonse	8

VÅRFEST I SIDDIS-STOVA

Laurdag 16. mars kl 19:00

Servering av varmmat,
kaffi og kaker
Underhaldning og dans
Billettpris: kr. 300,-

Musikk ved:
Rykk og Reis
og Jæren frilynte



Påmelding innan 5.mars til bul.stav@gmail.com
eller tlf. 91 66 24 38

Leiarteigen

Eg vil takka for vel gjennomført årsmøte den 5. februar. Mange nok medlemmar møtte fram slik at møtet kunne starta på tida. Sakane gjekk greit og styre og nemnder mottok mange godord frå lagsmedlemmene. Årsmøtet klarte og å fylla alle tillitsverva der mange tok attval. Her må laget sjå framover og jobba for rekruttering slik at ein og kan få nye folk og nye idear inn i styre og stell.

Årsmøte sette ned følgande punkt til arbeidsprogram:

- arrangere instruktørsamling for NU, årsmøte for RU og samarbeidsfest med Klepp og Sandnes helga 15.-17. mars;
- arrangere 17. mai-fest der Klepp kjem med utanlandske gjester;
- saman med Stavanger Mållag arrangere Superlaurdag i sentrum og festmiddag i BUL 15. juni i samband med nynorskåret (Mållaget held språksta-fett i Ivar Åsen sine fotefar);
- freiste å få til ein dags- eller helgetur samt haustfest i oktober;
- arrangere håndverksmesse.

I tillegg vart det sett av nokre ekstra midlar på budsjettet til å gjera søndagsdansane om til kulturkveldar med dans. Ein vil freista få inn gode foredragsholdarar og ha dans etterpå. Ein kan og tenke seg andre innslag som konsertar eller bok-kveldar. Me hadde jo ein sær sars vellukka kveld med Arnhild Skre og Hulda Garborg boka forrige året.

Til fellesfesten med Sandnes og Klepp i mars treng vi nok noko hjelp frå medlemmene med kaker. Musikken er klar, og

vi kan lova god dansemusikk (sjå plakaten på motstående side), så då er det berre å melda seg på. I samband med festen har Noregs Ungdomslag tinga plass i Siddis-stova til instruktørsamling heile helga. I tillegg vil Rogaland Ungdomslag by inn til årsmøte same laurdagen så dette lovar godt for ein fest med mykje folk og god stemning.

Så ta med familie, vener og kjende i Siddis-stova. Her er det noko for einkvar smak!

Vi har og sett opp ein tur på arbeidsprogrammet også; kva med ein Oslotur dette året? Det Norske Teateret rundar jo 100 år i år, så då er vel det ein god grunn til å få med seg ei framsyning. Eg skal sjølv til Oslo i april på Landsmøte til Noregs Ungdomslag. Desse møta har dei flytta fast til Oslo etter at dei tradisjonelle NU-stemna forsvann og blei gjorde om til Folkedansfestival. Folkedans-festivalen skal vera i Kongsberg dette året frå 8-10 august.



Flott skøyteis på Stokkalandsvatnet i januar og SOL! (Foto: Audun Rosland)

Så fram til da så får de nyte vinteren!

Anne Marie

Ei naturleg vidareutvikling av dansemiljøet i BUL har funne stad:

Salsakurs i BUL!

Januar 2013 arrangerte Leikarringen gratis salsakurs for alle BUL-medlemmer. Dette kom i stand etter lengre tids påtrykk fra fleire medlemmer, og spesielt etter Anna Motlands flotte tale på jubileumsfesten til Leikarringen var det flere medlemmer som ytrere ønske om dette. Jan Finjord formidlet kontakt til instruktøren Pablo, og dermed var det i gang. Pablo tok også med seg en medinstruktør, Adria. Kurset varte 4 mandager på rad, og bortimot to timer var satt av hver gang. Det kom ca 16-18 stykker, som var fint oppmøte.

Selve kurset må sies å være noe av det beste undertegnede har vært med på! En utrolig flink og inspirerende instruktør had-

de oss i sin hule hånd fra første stund. Han la spesielt vekt på det folkelige elementet i salsa, og lærte oss hvordan den ble danset på Cuba. Vi ble drillet en del på grunnelementene og selve stilen i dansen, i stedet for å lære oss mange variasjoner. Dette var et flott grep og som gjorde at vi har fått et fint grunnlag til å lære mer senere. For å lære mer, det må vi! Så vi satser på et nytt kurs om ikke så altfor lenge: første del som et oppfriskningskurs, som gjerne flere kan være med på som lot sjansen gå fra seg forrige gang, og så at vi går litt videre og lærer mer.

Lise K. Meling

Foto: frå Pablos facebookside



Adria Rahmouni og Pablo Miranda

Litt frå årsmøterefateratet for 2012

Årsmøtet i BUL Stavanger for 2012 blei halde 5. februar kl. 19:00 i år i Siddis-stova, med 21 medlemmer til stades.

Anne Marie har alt nemnt mykje frå årsmøtet i Leiarteigen. Difor kan vi vere heller kort her.

Årsmeldingar: Ragnhild Ødegaard påpeikte at eit bunadskurs under storkurshelga var bortgløymt under "Lagslivet i 2012", elles blei alle samrøystes godkjent.

Rekneskap og budsjett blei og vedteke samrøystes. Roger Strand nemn-

de at innkjøp av sceneteknisk utstyr i budsjettet kunne dekkjast frå TIMIAN-høgretekontoen. Vidare at framtidig utlei-ge av Siddis-stova ville gje best utteljing om ein leigde ut for heile helger.

Årspengesatsane blei som før.

Kakene i pausen var særst gode i år og.

Svært mange som eigentleg skulle ta pause frå styreverv, sa seg viljug til å halde fram. Etter årsmøtet er då styreverva og ekstern representasjon slik:

Lagsstyret:		Utssendingar:	
Leiar	Anne Marie Nerby (1 år)	<i>RU 16/03,</i>	
Nestleiar	Astrid Kjølleberg (1 år)	<i>Siddis-stova:</i>	Anne Marie Nerby
Styremedlem	Lise K. Meling (1 år)		Ole Jan Olsen
Styremedlem	Torill Stordalen (1 år)	Varautssending	Magne Helle
Styremedlem	Audun Aarflot (2 år)	Varautssending	Berit Fuglestad
Varamedlem	Roger Strand (1 år)	Varautssending	John Olaf Grimstvedt
Husstyret:		<i>RM 06/04-07/04,</i>	
Leiar	Astrid Kjølleberg (1 år)	<i>Sand:</i>	Audun Rosland
Styremedlem	Livar Voll (1 år)		Ottar Vandvik
Styremedlem	Kari Olaus Tveit (2 år)		Atle Røe
Varamedlem	Jan Dalene (2 år)	<i>NU 20/04-21/04,</i>	
Ettersynsfolk:		<i>Oslo</i>	Lise K. Meling
	Ottar Vandvik (2 år)		Anne Marie Nerby
	Torstein Espedal (1 år)	<i>NM 19/04-21/04,</i>	
	Svein K. Søyland (1 år)	<i>Ørsta:</i>	Audun Aarflot
Valnemnd:			Ottar Vandvik
	Inger Hope (1 år)		
	Magne Hope (2 år)		
Varamedlem	Ole Jan Olsen (1 år)		

Takk til Audun Aarflot

Nynorskstafetten til BUL

200-årsjubileet for Ivar Aasen blir feira med eit Språkår og ein Nynorskstafett. Det førstnemnde kan ein lese meir om på <http://www.språkåret.no/?path=10492>. Det sistnemnde er ein køyretur "i Aasens fotspor". Som meldt til BUL-medlemene i rundskriv når den Stavanger 15. juni, der Stavanger Mållag og BUL Stavanger skal ha arrangementer: På Arneageren på dagtid, og om kvelden **fest i Siddis-stova** med servering av varm mat, kaffi og kaker, samt underhaldningsinnslag og songdans. Vi blir oppmoda til å merke av dagen i kalenderen allereie no, og kome på festen.



Jubilanten

j.

Holmgang lager gjerne gratisreklame for dette arrangementet på Klepp og, som allereie er blitt "sponsa" åtgauksmessig av Vibå via BUL. Ei varmekjelde på ein kjøleg Jær-vår?

Kultur på Klepp

**ALLSANG-
KVELD**

Geme og nye sanger, eget husband, nye drar, latter, et glass vin eller en kopp kaffi. Inviter med deg venner og kjente. Vært og stort sang repertoar for alle som liker sang og musikk enten du liker å syngje eller ikke. Mest visor og pop fra 60-tallet og til nå

Fredag 5. April
kl. 20.00 (åpent fra 19.30)

BRYNE MØLLE
like ved M44

Inngang: kr 50,-
Nedre aldersgrense 20 år

Plassen best for folk mellom ca. 25 og 65 år

ARR: KLEPP ALLSANGFORENING

Den nye matstova aat Bondeungdomslaget

Det gamle posthus blev, som man ved, indkjøpt af Bondeungdomslaget for at indredes til matstova, forsamlingsal, m.v. Oprindeligg drømte man nok saa smaa om, at indredningsarbeidet m.v. skulde blit færdigg i høst, men man skjønnte snart, at det vilde der ikke bli tale om. Kunde man derimod faa bygningen færdigg til nytaar, vilde det være bra. Naar heller ikke det lykkes, skyldes det at det er vanskelig paa for-

haand aa beregne, hvor lang tid den slags reparationsarbeide tar, men arbeidets ramme er ogsaa blit udvidet efterhvert. Det gaar gjerne slik med den slags arbeide at det ene nødvendigvis trækker det andre efter. Det har atter havet til følge, at bygningen er blit atskilligg dyrere end fra først af beregnet – man mener, at den vil komme paa omkring 100.000 kroner, før den er færdigg.

*Audun Aarflot
las SA 2. februar i år*

Vi har elles høyrat at . . .

- I Leikarringen er det peika ut 4 grupper av medlemmer som skal ta seg av praktigg gjennomføring av arrangementer. Kvar gruppe får ansvar for eit arrangement per semester. Modellen er Sandnes folkedanslag. Gruppene er på 9-10 personar kvar, med ein som koordinerer.
- Språkleg miks i skrift er ikkje noko nytt, ifølge "Språkteigen" på NRK P2 den 10. mars. I medelalderen var "skandinavigg" tekst ofte spedd opp med litt tysk, eller med – det aller finaste – latin, som vår tids engelsk.
- SalsaNor held det store arrangementet "Caribbean Feeling" i Siddis-stova denne våren og – 12., 13. og 14. april. Det blir spesialkurs i salsa, inkludert "crossover" mellom kubansk stil og på-line-stil samt mambo (salsa på 2) og ringdansen rueda. Men og son, merengue, afrokubansk rumba, mozambique, haitiansk afrodans, bachata, kizomba og reggaeton, og jamvel argentinsk tango:

Der kunne du



ha vøri, Kal!

B

RETURADRESSE: P.b. 451 Madla 4090 Hafsfjord

